

Festidalen vil ha dei unge heim

06.03.2009



Hege S. Eikenes i Festidalen og samfunnsutviklar Kjartan Thoresen i kommunen. (Foto: innsida.no)

**Festidalen har ingått samarbeidsavtale med Kvinnherad Næringsservice sitt prosjekt Kom til Kvinnherad og vil dermed vera med til Stavanger for å promotera Kvinnherad no i mars.**

Festidalen og dette prosjektet har langt på veg same målgruppa og dermed er samarbeidet ein vinn-vinn-situasjon seier Hege S. Eikenes i Festidalen.

Også samfunnsutviklar Kjartan Thoresen i kommunen trur samarbeidet er svært fornuftig og tenleg for begge partar. No får dei to sterke merkevarer som drar saman mot det same målet.

Festidalen kan vera eit godt vindauge for kommunen ut mot ungdomen samstundes som 'Kom til Kvinnherad' vil vera med og hjelpe til med å promotera festivalen i Uskedalen.

For kommunen er det i desse vanskelege tidene ikkje så lett å lokka dei unge heim med arbeidsplassar og då må dei fokusera på positive element som til dømes Festidalen.

I samband med dette prosjektet har Festidalen søkt styret for det kommunale næringsfondet om 75.000 kroner. I søknaden held Festidalen fram at arbeidet med å skape blest om festivalen skapar ringverknader for både lokalt næringsliv, kulturliv, reiseliv og kommunen generelt.

Og positiv merksemd rundt kommunen er igjen med på å stimulera til auka busetjing, etablering og ynskje om å vera ein del av dette lokalsamfunnet.

Av Ola Matti Mathisen